



DET KONGELEGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMET

Prop. 59 L

(2016–2017)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i bustøttelova (tilbakebetaling av bustøtte)

*Tilråding fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet 17. februar 2017,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Kommunal- og moderniseringsdepartementet føreslår i denne proposisjonen ei endring i bustøttelova § 10 første ledd bokstav d om rett til å krevje tilbake for mykje utbetalt bustøtte etter at det er gjennomført etterkontroll. Bakgrunnen for forslaget er at departementet ønsker at Husbanken skal få generell heimel til å krevje tilbake for mykje utbetalt bustøtte.

Slik bustøttelova § 10 første ledd bokstav d lyder i dag, gjev lova heimel for å krevje tilbakebetalt bustøtte dersom det syner seg ved etterkontroll at årsinntekta til søkeren er over grensene som er fastsette i forskrift. Departementet har 19. desember 2016 vedteke endringar i forskrift 29. november 2012 nr. 1283 om bustøtte om inntektsgrunnlaget for utrekning av bustøtte og ei tilpassing til dette i reglane om etterkontroll. Desse endringane ligg innanfor ramma av dagens lov. Endringa synleggjer likevel at lovteksten i § 10 første ledd bokstav d bør ha ein noko annan ordlyd for å hindre mogleg tvil om forholdet mellom lov og forskrift. Endringa sikrar òg at lova ikkje legg unødvendige bindingar for den praktiske utforminga av ordninga i forskrifta framover når det gjeld inntektsgrunnlag og etterkontroll. På bakgrunn av dette føreslår departementet ei endring i bustøttelova § 10 første ledd bokstav d.

2 Høyringa

Kommunal- og moderniseringsdepartementet sende forslag til endring i bustøttelova og endringar i forskrift om bustøtte på høyring ved felles brev 14. oktober 2016. Forslaget blei sendt til desse høyringsinstansane:

Departementa
Arbeids- og velferdsdirektoratet
Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir)
Helsedirektoratet
Husbanken
Integrerings- og mangfalldsdirektoratet (IMDI)

Fylkesmennene

Kommunane

Den Norske Advokatforening
Ensliges Landsforbund
Fagrådet i Rusfeltets hovedorganisasjon
Frelsesarmeén
Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon
Huseiernes Landsforbund
JURK
Jussbuss
Juss hjelpe i Nord-Norge
Jussformidlingen i Bergen
Kirkens Bymisjon
Kirkens Sosialtjeneste

Kommunale boligadministrasjons landsråd
(KBL)
Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiver-
organisasjon (KS)
Kontaktutvalget mellom innvandrerbefolkningen
og myndighetene (KIM)
Lifieboerforeningen
Lifieboerforeningen Bergen
Norges Huseierforbund
Norske Boligbyggelags Landsforbund (NBBL)
Norske Kvinners Sanitetsforening
Norsk senter for menneskerettigheter
Organisasjonen mot offentlig diskriminering
(OMOD)
Oslo Kommunale Lieieboerorganisasjon
Ridderne AS
Røde Kors
Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes
organisasjoner (SAFO)
Uføres Landsorganisasjon

Høyringsfristen gjekk ut 25. november 2016. Departementet fekk inn 32 tilbakemeldingar på høyringsbrevet. Av desse var ni utan merknader til forslaget. Ingen av merknadene gjeld forslaget om endring i bustøttelova. Høyringsinstansane gav i all hovudsak støtte til forslaget om å endre grunnlaget for utrekning av bustøtte og har elles kome med merknader i samband med vilkår for og gjennomføring av dette forslaget. Merknadene til forslaget om endringar i bustøtteloforskrifta blir ikkje kommenterte nærmare i denne proposisjonen.

3 Vurderingar frå departementet

Bakgrunnen for forslaget om endring i bustøttelova § 10 første ledd bokstav d er ønske om endring i bustøtteloforskrifta når det gjeld inntektsgrunnlag og etterkontroll. Før endringa i bustøtteloforskrifta blei bustøtte i all hovudsak rekna ut på grunnlag av likningsopplysningar, medan utrekning etter dei nye reglane som hovudregel skal gjerast med grunnlag i aktuell månadsinntekt.

Slik dette har vore praktisert tidlegare i samsvar med forskrifta, var inntektsopplysningane som blei lagde til grunn for utrekning av støtte, vanlegvis minst eit halvt år gamle, og dei omfatta inntekt for eit heilt år. Inntektsgrunnlaget etter forskriftsendringa skal vere basert på rapportering av lønns- og tilsetningsforhold til Skatteetaten, Nav og Statistisk sentralbyrå (a-meldinga), som blir sendt inn kvar månad frå alle som betalar ut løn, pensjon og andre ytingar.

A-opplysningslova blei sett i kraft 1. januar 2015. Lova inneber at Nav, offentlege og private arbeidsgjevarar skal rapportere inn utbetaling av løn og anna kvar månad (a-ordninga). Kapitalinnntekter og inntekter frå eiga næringsverksemdu er døme på inntekter som ikkje blir rapportert inn gjennom a-ordninga. Opplysning om slike inntekter og om formue må framleis byggje på skatteopplysninga.

Endringa i bustøtteloforskrifta vil gje mindre behov for etterkontroll og krav om tilbakebetaling. Ordninga vil vere meir føreseieleg for mottakarane, og handsaminga av sakene i kommunane vil bli enklare. Endringane i forskrifta er meinte å sikre eit meir oppdatert grunnlag for å rekne ut bustøtte, og det er ikkje meininga at dei skal gje andre endringar enn nødvendig tilpassing. Endringa om inntektsgrunnlaget gjer det likevel nødvendig å tilpasse reglane om etterkontroll og for mykje betalt bustøtte.

Departementet meiner lova slik ho lyder i dag, gjev heimel for å vedta og setje i verk endringane i bustøtteloforskrifta som omtalt. Slik bustøttelova § 10 første ledd bokstav d lyder i dag, er det likevel ønskjeleg å endre ordlyden noko. Endringa synleggjer at lovteksten i § 10 første ledd bokstav d bør ha ein noko annan ordlyd, for å hindre mogleg tvil om forholdet mellom lov og forskrift. Eit anna føremål med endringa er å sikre at ikkje lova legg unødvendige bindingar for den praktiske utforminga av ordninga i forskrifta framover når det gjeld inntektsgrunnlag og etterkontroll.

Departementet føreslår vidare lovfesta i eit nytt tredje punktum til bustøttelova § 10 første ledd bokstav d at for mykje utbetalt støtte kan motrekna i seinare utbetalingar. Dette følgjer i dag av bustøtteloforskrifta § 15, som har ein generell regel om motrekning. Lovforslaget inneber såleis ingen endring av gjeldande rett. Departementet føreslår at motrekningsretten blir lovfesta av pedagogiske omsyn, jf. også at folketrygdlova § 22-16 har liknande regulering om rett til motrekning. I høyringsbrevet var forslaget ikkje kommentert særskilt, ettersom det ikkje inneber materiell endring av regelverket. Høyringsinstansane har ikkje hatt merknader til forslaget.

4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Endringa i bustøtteloforskrifta som er omtalt ovenfor, vil gje eit meir oppdatert grunnlag for å fastsetje bustøtte enn den tidlegare ordninga.

Nytt inntektsgrunnlag med oppdaterte opplysninger vil føre til reduksjon i feilutbetingar og krav om tilbakebetaling, færre saker som må følgjast opp, og lågare krav om tilbakebetaling.

Det er først og fremst endringa i bustøtteforskrifta som vil få administrative og økonomiske konsekvensar. Endringa i bustøttelova er ei mindre tilpassing for å sikre samsvar mellom lovheimelen for krav om tilbakebetaling og dei nye reglane om inntektsgrunnlag og etterkontroll i bustøtteforskrifta. Lovendringa vil i seg sjølv ikkje få nemneverdige administrative eller økonomiske konsekvensar.

5 Merknader til lovendringsforslaget

Departementet foreslår endring i lov om bustøtte § 10 første ledd bokstav d for å klargjere heimelen for å krevje tilbakebetaling av for mykje utbetalt bustøtte dersom husstanden har hatt større inntekter og/eller formue enn det som blei lagt til grunn på bakgrunn av opplysningane frå a-ordninga og informasjon om andre inntekter.

Det er føreslått å formulere lova slik at det ikkje følgjer av lova kva for kjelder informasjonen er henta frå, og slik at nærmare regulering blir gjort i bustøtteforskrifta. Ordlyden har som mønster den tilsvarande formuleringa i folketrygdlova § 22-16.

Av pedagogiske omsyn føreslår departementet at retten til motrekning blir teken inn i lova. Det følgjer allereie av bustøtteforskrifta § 15 at bustøtte kan bli nytta til motrekning av eit krav på tilbakebetaling av feil utbetalt bustøtte, og forslaget inneber såleis ingen endring av gjeldande rett.

Departementet føreslår at lovendringa skal gjelde frå den tida Kongen fastset. Det er ikkje nødvendig å fastsetje overgangsreglar for lovendringa.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i bustøttelova (tilbakebetaling av bustøtte).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak til lov om endringar i bustøttelova (tilbakebetaling av bustøtte) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringar i bustøttelova (tilbakebetaling av bustøtte)

I

I lov 24. august 2012 nr. 64 om bustøtte skal § 10 første ledd bokstav d lyde:

d) *husstanden i perioden det er motteke bustøtte for, har hatt inntekt eller formue som i ettertid syner seg å overskride den inntekta eller formuen*

som var lagd til grunn då støtta blei fastsett. Det gjeld utan omsyn til kven som er skuld i at det er betalt ut for mykje. For mykje utbetalt støtte kan også motreknaast i seinare utbetalingar av bustøtte.

II

Lova gjeld frå den tida Kongen fastset.

=====